

LOVER FOR LYE FORSAMLINGSHUS

Lover for Lye forsamlingshus blei vedteke første gong 13. januar 1989, og revidert på årsmøtet 9. februar 1994 på eit punkt: Paragraf 6 når det gjeld valperioden for Husstyret. Valperioden blei då endra frå tre til to år. På årsmøtet 27. februar 2002 blei nye lover vedteke.

1. Eigargar av Forsamlingshuset ¹⁾ på Lyefjell er:

Time Kristelege Ungdomslag, Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap, Norsk Luthersk Misjonssamband, Det Vestlandske Indremisjonsforbund, Det Norske Misjonsselskap og Time sokneråd. Eigargarforholdet er delt likt mellom desse. Ved eit eventuelt økonomisk oppgjer, skal Time Kristelege Ungdomslag først ha dekning for tomt og den kapital dei gjekk inn med i huset (14 % av totalverdien.)

¹⁾ Kfr. paragraf 15.

2. Føremålet med huset er å samle folk til beste for arbeidet i Guds rike. Visjonen for Lye lyder slik: "Vi ønskjer at alle på Lye må bli betre kjende med personen Jesus Kristus."

Alle lag og organisasjonar som byggjer på Guds ord og den evangelisk lutherske vedkjenninga, og som soknar til Lye forsamlingshus, har rett til å nytta huset.

3. Husstyret kan gje løyve til at kristelege samfunn og lag som ikkje vedkjenner seg den evangelisk- lutherske læra, men som står på evangelisk grunn, før leiga huset til einskilde møte.

4. Husstyret kan og leiga huset bort til andre samfunnsgagnlege føremål og til private samkome. Programma for slike samkomer må ikkje vera i strid med huset sitt føremål.

5. Aktivitetar på huset må ikkje vere i strid med føremålet i paragraf 2. Dans som ikkje inngår som ei arbeidsform i forkynning, lovsong, formidling av den kristne bodskapen eller er dans til Herrens ære, er ikkje tillate i huset. Nyting av alkohol eller bruk av andre rusmiddel, er heller ikkje tillate i huset.

6. Årsmøtet for huset skal kvart år vera halde før utgangen av mars månad. Til styret for huset (Husstyret) vel ein 7 medlemmer med personlege varamenn. Desse organisasjonane ²⁾ vel eit medlem kvar: Time Kristelege Ungdomslag (tilslutta Noregs Kristelege Ungdomsforbund), Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap, Norsk Luthersk Misjonssamband, Det Vestlandske Indremisjonsforbund, Det Norske Misjonsselskap og Time sokneråd. Årsmøtet vel den sjuande (7) representanten og så langt det er mogeleg, bør denne representera dei andre brukarane av huset. Samansetjing av styret kan ikkje endrast, ref. paragraf 11, med mindre nokon trekkjer seg frå samarbeidet. Då er det årsmøtet som vel representant. årsmøtet vel og ny representant til styret dersom nokon ikkje har valt medlem. Styremedlemmene skal veljast for to år av gongen, tre (3) medlemmer går ut første året. Fire (4) medlemmer andre året. Styret for huset vel sjølv formann, varaformann, sekretær og kasserar. Formannen (møteleiaren) har dobbelstemme ved likt stemmetal. Styret er vedtaksfør når minst fem (5) av styremedlemmene møter. Det er årsmøtet som vel revisor. For val av medlemmer til Lye forsamlingsstyre, sjå paragraf 13.

²⁾ Kfr. paragraf 15.

7. Husstyret skal:

a) Sjå til at Lye forsamlingshus vert nytta i samsvar med lovane.

b) Å syta for at det vert halde årsmøte til rett tid. Årsmøtet skal gjerast kjent med oppslag i huset minst ein månad før. Endeleg saksliste skal slåast opp i huset seinast ei veke før årsmøtet. Årsmøtet handsamar årsmelding, revidert rekneskap, og andre aktuelle saker, samt gjennomfører naudsynte val.

Formannen kallar inn til styremøte når han ser det nødvendig eller når ein av styremedlemmene ønskjer det.

8. Forslag eller saker som ein ønskjer å ta opp på årsmøtet, må vera sendt til husstyret seinast 14 dagar før årsmøtet. Fristen for lovendringsforslag er omtala i paragraf 9.

9. Desse lovane kan berre endrast i eit ordinært årsmøte. Ein eller fleire av laga/organisasjonane kan trekkja seg ut av styret etter eige ønske. I så fall kan dei ikkje ta med seg nokon del av verdien av huset.

Forslag til endring av lovane må vere innsendt til styret minst tre (3) månader før årsmøtet. Lovendringsforslag blir gjort kjent ved oppslag minst ein månad før årsmøtet. For å verta vedteke må forslaget få minst 3/4 fleirtal i årsmøtet.

10. Ekstraordinært årsmøte kan haldast når:

a) 2 styremedlemmer i Husstyret krev det.

b) 2 styremedlemmer i Lye forsamlingsstyre krev det.

c) 1/3 på ordinært årsmøte krev det.

Fristen for innkalling av ekstraordinært årsmøte skal vera minst ein månad.

11. Paragraf 1, paragraf 6 når det gjeld samansetjing av styret, og paragraf 11 kan ikkje endrast.

12. Stemmerett på årsmøtet har alle truande i forsamlingshuskrinsen som har fylt 16 år, og som står på den evangelisk lutherske vedkjenningsgrunn, og som tek del i det arbeidet som vert drive i huset.

13. Val av medlemmer til Lye forsamlingsstyre:

Lye forsamlingsstyre skal ha 3-5 medlemmer og 1-2 varamedlemmer, valt av årsmøtet for ein periode på 2 år. årsmøtet vel formann.

Samanhengande funksjonstid kan ikkje overskride seks (6) år. Etter ein samanhengande periode på seks (6) år går medlemmet ut av styret, men kan attveljast etter eitt (1) år.

I tillegg til medlemmer velt av årsmøtet har styret for huset (Husstyret), velt etter paragraf 6, eit (1) fast medlem, normalt formann.

årsmøtet handsamar årsmelding, revidert rekneskap, vel valkomite, vel revisor og tek opp til handsaming andre aktuelle saker.

14. Det er gjort ei oppgåvefordeling mellom Husstyret og Lye forsamlingsstyre. Husstyret skal i hovedsak sjå til eigarorganisasjonane sitt arbeid, medan Lye forsamlingsstyre i hovedsak leier og fører tilsyn med fellesarbeidet ved Lye forsamlingshus.

Lye forsamlingsstyre sine oppgåver er til ei kvar tid nedfelt i instruks godkjend av årsmøtet.

15. Dersom årsmøtet ikkje får velt det tal på medlemmer som skal veljast, både etter paragraf 6 og paragraf 13, kan årsmøtet gi styrene fullmakt til sjølve å finne medlemmer. Styrene informerer på ein god møte når medlemmene går inn i styret.

16. For ikkje å endre paragraf 1 og paragraf 6 nyttar ein paragraf 15 for å justere reelle endringar etter kvart som dei skjer på eigarsida.

-Det Norske Lutherske Indremisjonselskap er slått saman med Santalmisjonen og har endra namn til Normisjon.³⁾

-Det Vestlandske Indremisjonsforbund har endra namn til Indremisjonsforbundet.⁴⁾

3) Per 1. januar 2001.

4) Per 1. januar 2000.